Til fots mot konstituering

20.10.2011

I fin stil gjennom Uskedalen: Yri, Holmedal og Bruvik

Klokka 16 startar eit historisk møte i kommunestyret. Då skal det konstituerast for 4 nye år og situasjonen er spent: Blir det Synnøve Solbakken som held fram som ordførar ? 3 av dei som vil vera på plass under møtet er redaktør Tomas Bruvik, Frp-leiar Ole Torbjørn Holmedal og Venstre-leiar Kjell Yri.

Dei 3 er truleg litt meir møre i kroppen enn dei andre fordi dei har gått til møtet i Rosendal - Kjell halvannan mil frå Uskedalen og Ole Torbjørn og Tomas 3 mil frå Husnes. Dei inngjekk veddemål i forkant av valet og måtte betala for det.
Redaktør Kristian Hus skulle eigentleg også gått ein tur, men han fekk sjukemelding.

Ole Torbjørn og Tomas kom til Uskedalen klokka 12.15 etter å ha brukt vel 2 timar frå Husnes og etter å ha venta litt på Venstres representant tok trioen fatt på siste etappe.

Uskedalens nye formannskapsmedlem måtte gå til Rosendal fordi han inngjekk veddemål om at partiet hans skulle få inn ein representant 'frå området innanfor Uskedalen.

Tomas vedda med Leif Sverre Enes om at Høgre ikkje ville få inn nokon

frå området mellom Uskedalen og Utåker og Ole Torbjørn satsa på at partiet hans ville få over 17,5 prosent medan det enda på 13,9.
Kristian sitt veddemål var at Høgre og Ap kom til å sitja i posisjon.

Dei 3 som måtte finna seg i å gå verka spreke då dei paserte Uskedalen klokka 12,25. Så spørs det korleis det kjem til uttrykk i møtet i ettermiddag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen